

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 01.06.2004 **Tid:** 13.00-17.10

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett .
Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7, inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet:

Ass.adm.sjef Våge

Ordførar Aase med unnatak av sak 08-09/04.

Adm.sjef Ramsli var tilstades under handsaminga av sak 11/04 og 10/04.

Merknader: Magda Haugen leia heile møtet.

Hjørdis Tysse var ikkje tilstades under handsaming av sak 11/04.

Liv Berit K.Khador var ikkje tilstades under handsaming av sak 11/04, 10/04 og 06/04

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 8. juni 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent, der sak 11 og 10 vart handsama før sak 6/04. Magda Haugen stilte spørsmål om kvifor det ikkje vart synfaring på Liastrand i dette møtet. Ass.adm.sjef viste til møte med utvalsleiar i forkant og avgjersla som vart teken der.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Utvalet slutta seg til Magda Haugen sitt ønskje om å få revidert og fornya retningslinene for kulturprisen. Utvalet sette ned følgjande arbeidsgruppe: Magda Haugen, Nils Gåsdal og kulturkonsulenten. Kulturkonsulenten kallar inn gruppa tidleg i august, og tek sikte på at retningslinene vert handsama i utvalsmøtet i september 2004. Gruppa tek inn i vedtektene at det bør vere synfaring der det er nødvendig.

Geir Markhus stilte spørsmål om kortid ein kunne ta i bruk dei nye ballbingane?

Ass.adm.sjef orienterte om at desse vil verte sett opp snarast mogleg når skuleferien startar.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Opptak musikkskulen: Rektor vil utarbeide framlegg til retningsliner for opptaket som eiga sak i utvalet.

Solvor Aadland er tilsett som ny rektor ved ungdomsskulen og tek til i stillinga 01.08.04.

Ass.adm.sjef orienterte om at alle kommunestyrerepresentantane får i desse dagar sakspapira til val av framtidig bassengløysing og skule- og barnehagstruktur. Saka skal handsamast direkte i kommunestyret den 17 juni. Arkitektfirmaet Fortunen har laga ulike forslag til løysingar. Arbeidsgruppa som PØ sette ned har drøfta desse. Når det gjeld basseng tilrår fleirtalet i gruppa nytt basseng på Gjerde. I tidlegare høyringar er det primært ønskje om ny barnehage på Gjerde. Når det gjeld skule- og barnehagestrukturen skal kommunen ta stilling til om me skal fortsetje med noverande struktur eller ha ein barneskule på Gjerde.

Ordføraren orienterte om TV-aksjonen den 17. oktober. Nils Gåsdal er leiar. Det vert lagt til rette for eit temamøte med aktuelle partar og repr. frå OO; Geir Markhus og Audhild Olsnes, samt 9-klasseleiarar. Det er Kirkens bymisjon og Rådet for psykisk helse som har TV-aksjonen for 2004.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0006/04	04/00052 AUKA TIMETAL I GRUNNSKULEN - SMÅSKULETRINN.
0007/04	04/00234 PLAN - DEN KULTURELLE SKULESEKKEN I SAMNANGER.
0008/04	03/00478 KULTURPRISEN 2003.TILDELING
0009/04	04/00144 SØKNAD OM LØYVE TIL SAL AV ØL
0010/04	04/00236 FØLGJEKORT FOR FUNKSJONHEMMA
0011/04	03/00247 SMITTEVERNPLAN SAMNANGER KOMMUNE

0006/04

AUKA TIMETAL I GRUNNSKULEN - SMÅSKULETRINN.**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune vedtek følgjande organisering av det auka timetalet på småskuletrinnet (1-4 klasse) i grunnskulen:

Skuleåret 2004-2005:

1-4 klasse har fått tildelt ein auke på 190 timar, som vert fordelt slik:

Hausten 2004: 0 timar i auke. Småskulen har same timetal som no.

Oppstart med auke av 3 timar veka for kvart årssteg frå 1-4 klasse frå 7. mars 2005 og ut skuleåret. Dette fører til at desse elvane har full skuledag kvar måndag i denne perioden.

Skuleåret 2005-06:

Hausten 2005: Frå skulestart til 1. januar fortsett 1-4 klasse med full dag på skulen om måndagane. Dersom det ikkje vert ytterlegare auke vil det verte same timetal som no i småskulen frå våren 2005, og tilbake til halv skuledag kvar måndag. 1-4 klasse vil framleis ha fri kvar onsdag.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek følgjande organisering av det auka timetalet på småskuletrinnet (1-4 klasse) i grunnskulen:

Skuleåret 2004-2005:

1-4 klasse har fått tildelt ein auke på 190 timar, som vert fordelt slik:

Hausten 2004: 0 timar i auke. Småskulen har same timetal som no.

Oppstart med auke av 3 timar veka for kvart årssteg frå 1-4 klasse frå 7. mars 2005 og ut skuleåret. Dette fører til at desse elvane har full skuledag kvar måndag i denne perioden.

Skuleåret 2005-06:

Hausten 2005: Frå skulestart til 1. januar fortsett 1-4 klasse med full dag på skulen om måndagane. Dersom det ikkje vert ytterlegare auke vil det verte same timetal som no i småskulen frå våren 2005, og tilbake til halv skuledag kvar måndag. 1-4 klasse vil framleis ha fri kvar onsdag.

0007/04

PLAN - DEN KULTURELLE SKULESEKKEN I SAMNANGER.**Framlegg til vedtak::**

Planen datert 19.03.04 vert godkjend slik han ligg føre. Det vert oppretta ei styringsgruppe samansett slik:

- rektor på kvar skule
- kulturskulerektor
- kulturkonsulenten

Kulturskulerektor er prosjektleiari for styringsgruppa.

Oppvekst og omsorg er referansegruppe.

Handsaming i møte:

Liv Berit Khadoor sett fram følgjande tilleggsframlegg til planen:

”Punkt 6. Målsetting, siste avsnitt: - bli kjende med natur og kunnskap om geografien i bygda.

Punkt 8. Kompetanse; 2006: Lærer – bilete, v/lokale krefter

2006: Lærer – video og redigering, v/Anne Lise Tøsse

2007: Lærer – litteratur, v/lokale kunstnarar

2007: Fotografering/skrivekurs, v/lokale krefter

2007: Lærarar og elevar – avis/skrivekurs, v/lokale krefter.

Utvalet røysta over planen slik den låg føre med Khadoor sitt tilleggsframlegg.

Planen med tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Planen datert 19.03.04 vert godkjend slik han ligg føre. Det vert oppretta ei styringsgruppe samansett slik:

- rektor på kvar skule
- kulturskulerektor
- kulturkonsulenten

Kulturskulerektor er prosjektleiar for styringsgruppa.

Oppvekst og omsorg er referansegruppe.

Det skal i tillegg innarbeidast følgjande punkt i planen:

Punkt 6. Målsetting, siste avsnitt: - bli kjende med natur og kunnskap om geografien i bygda.

Punkt 8. Kompetanse; 2006: Lærer – bilete, v/lokale krefter

2006: Lærer – video og redigering, v/Anne Lise Tøsse

2007: Lærer – litteratur, v/lokale kunstnarar

2007: Fotografering/skrivekurs, v/lokale krefter

2007: Lærarar og elevar – avis/skrivekurs, v/lokale krefter.

0008/04

KULTURPRISEN 2003.TILDELING

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune tildeler kulturprisen for 2003 til

Handsaming i møte:

Nils Gåsadal sette fram følgjande framlegg: ”Kulturprisen for 2003, vert tildelt til Nils I Høgli.

Kulturprisen for 2004, vert tildelt til Ivar Bård Aadland.”

Framlegget frå Gåsadal vart samrøystes vedteke.

Magda Haugen tek kontakt med ordførar vedk. utdeling av prisane.

Tildelinga er ikkje offentleg inntil vidare.

Vedtak:

Samnanger kommune tildeler kulturprisen for 2003 til Nils I Høgli.

Samnanger kommune tildeler kulturprisen for 2004 til Ivar Bård Aadland.

0009/04

SØKNAD OM LØYVE TIL SAL AV ØL

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Thomas Moss bad utvalet vurdere om han var ugild i saka , sidan han har eit tilsetningstilhøve hos R.Brigtsen. Utvalet vurderte Moss som gild i saka.

Krf v/Thomas Moss sette fram følgjande framlegg:” Krf ser med dette at løyva ikkje vert fornya, då me ser at dette har negative konsekvensar for lokalsamfunnet. Saka gjeld søknad om fornya løyve til ølsal frå: K.Knutsen AS, Ragnar Brigtsen AS, Gjerde Kolonial.”

Geir Markus sette fram følgjande fellesframlegg frå Bgl/Ap/Sp: ” R.Brigtsen AS, K.Knutsen AS og Gjerde Kolonial får fornya salsløyve for alkoholhaldege drikkar med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald.

Salstida er frå kl. 08.00 – 20.00, måndag til fredag, og kl. 08.00 – 18.00 på laurdag. Løyva vert gjeve under føresetnad av at alle vilkår for løyve vert stetta.”

Det vart røysta alternativt over framlegga. Framlegget til Moss fekk 2 røyster og Fellesframlegget vart vedteke med 5 røyster.

Vedtak:

R.Brigtsen AS, K.Knutsen AS og Gjerde Kolonial får fornya salsløyve for alkoholhaldege drikkar med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald.

Salstida er frå kl. 08.00 – 20.00, måndag til fredag, og kl. 08.00 – 18.00 på laurdag. Løyva vert gjeve under føresetnad av at alle vilkår for løyve vert stetta.

0010/04

FØLGJEKORT FOR FUNKSJONSHEMMA

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune innfører ordninga med følgjekort for funksjonshemma frå 01.09.04 etter retningslinjer dagsett mai 2004.

Eining for pleie og omsorg v. Einingsleiar får ansvar for ordninga.

Handsaming i møte:

Fellesframlegg:” følgjekortperioden vert tildelt for ei periode på 5 år.”

Retningslinene med tilleggframlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune innfører ordninga med følgjekort for funksjonshemma frå 01.09.04 etter retningslinjer dagsett mai 2004.

Eining for pleie og omsorg v. Einingsleiar får ansvar for ordninga.

Tildelingsperioden for følgjekorta er 5 år.

0011/04

SMITTEVERNPLAN SAMNANGER KOMMUNE**Framlegg til vedtak::**

Framlegg til smittevernplan for Samnanger kommune dagsett mai 2004 vert vedteken.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Framlegg til smittevernplan for Samnanger kommune dagsett mai 2004 vert vedteken.